

## ÅRSMØTE 2023 - Protokoll

Stad: Hardangerfjord Hotel - Øystese  
Tid: Onsdag 15. mars 2023 kl. 20:15 – 22:00  
Frammøtte: 11 medlemmer, styreleiar og dagleg leiar.

### Årsmøtesaker.

#### Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

#### Sak 2 Val av personar til å leia årsmøtet, referera og å skriva under møtebok.

Vedtak: Tone Sjøgaard leiar møtet, Hans Jørgen Andersen er referent og møtebok skal signerast av Torleiv Ljones og Lars Audun Torvik.

#### Sak 3 Årsmelding 2022

Årsmeldinga vart gjennomgått av dagleg leiar.  
Vedtak: godkjent

#### Sak 4 Rekneskap 2022

Rekneskapen vart gjennomgått av dagleg leiar.  
Vedtak: godkjent

#### Sak 5 Medlemspengar 2023

Styret innstilte til nye satser 2023.

Sats		Noverande satsar	Forslag 2023 til årsmøtet
0	Ekstrakontakt	0	0
1	Firma 1-5 årsverk	2 000	2 100
2	Firma 6-10 årsverk	3 500	3 600
3	Firma 11-25 årsverk	5 500	5 700
4	Firma 26-50 årsverk	9 800	10 000
5	Firma + 50 årsverk	12 200	12 500

Vedtak: som styret si innstilling.

#### Sak 6 Vedtektsendringar

Årsmøtet handsama styret sine forslag til vedtektsendringar.

Vedtak:

##### **Noverande (frå 2019) § 1. FØREMÅL OG OPPGÅVER.**

Kvam Næringsråd (KNR) er ein medlemsorganisasjon som skal arbeida for å skapa gode rammevilkår for næringslivet i Kvam og med særleg vekt på å gje tenester til medlemene.

##### **vert erstatta med:**

Kvam Næringsråd (KNR) er ein medlemsorganisasjon som skal bidra til ei nærings- og samfunnsutvikling i Kvam som gjev gode tilhøve for å drive næring, og vere ein relevant samfunnsaktør i lokalsamfunnet.

## **Noverande (frå 2019) § 2. MEDLEMER.**

Uendra

## **I noverande (frå 2019) § 3 ÅRSMØTET.**

7. Val:

- a. Styreleiar for eitt år.
- b. Nestleiar i styret for eitt år

**vert erstatta med:**

7. Val:

- a. Styreleiar for to år.
- b. Nestleiar i styret for to år

**Nytt avsnitt vert lagt til:**

Styreleiar og nestleiar på val annakvart år, varamedlemmer på val kvart år og val av styremedlemer fordelt på val annakvart år.

## **I noverande (frå 2019) § 4 STYRET.**

Styret har 5 medlemer og 2 varamedlemer.

**vert erstatta med:**

Styret har 4-5 medlemer og 2 varamedlemer.

**Avsnitt som går ut:**

Leiar i styret vert vald for 1 år om gongen og andre styremedlemer for 2 år. Nestleiar vert vald mellom dei andre styremedlemene med slik funksjon for 1 år. Varamedlemer vert valde for 1 år i nummerert rekkefylje.

## **Noverande (frå 2019) § 6 NEMDER OG UTVAL.**

Valnemnda skal ha 3 medlemer med funksjonstid på 3 år. Etter forslag frå årsmøtet skal det kvart år gjerast val av ein ny medlem i valnemnda. Styret kan elles setja ned særlege nemnder og utval for å arbeida med saker som har interesse for KNR. For å sikra god kontakt med styret bør minst ein styremedlem vera med i kvar slik nemnd. Årsmeldinga bør innehalda opplysningar om arbeidet i nemndene.

**vert erstatta med:**

Valnemnda skal ha 3 medlemer med funksjonstid på 3 år. Etter forslag frå årsmøtet skal det kvart år gjerast val av ein ny medlem i valnemnda. Årsmøtet vel leiar av valnemnda på kvart årsmøte. Valnemnda skal gje forslag til årsmøte om styresamansetting, revisor og valnemd.

Styret kan elles setja ned særlege nemnder og utval for å arbeida med saker som har interesse for KNR. For å sikra god kontakt med styret bør minst ein styremedlem vera med i kvar slik nemnd. Årsmeldinga bør innehalda opplysningar om arbeidet i nemndene.

## **Noverande (frå 2019) § 7 VEDTEKTSENDRINGAR.**

Uendra

## **Noverande (frå 2019) § 8 EKSTRAORDINÆRTE TILHØVE**

**Utgår**

### **Noverande (frå 2019) § 9 OPPLØYSING AV LAGET.**

Forslag om oppløysing av laget må fremjast skriftleg før årsskiftet, men kan berre behandlast av ordinært årsmøte og krev  $\frac{3}{4}$  fleirtal av dei oppmøtte med røysterett på årsmøtet. Etter at oppløysing er vedteken kan årsmøtet med simpelt fleirtal avgjera korleis eventuelle aktiva i laget skal nyttast.

#### **Vert ersatta med :**

#### **OPPLØYSING AV KVAM NÆRINGSRÅD.**

Forslag om oppløysing av Kvam Næringsråd må fremjast skriftleg før årsskiftet, men kan berre behandlast av ordinært årsmøte og krev  $\frac{3}{4}$  fleirtal av dei oppmøtte med røysterett på årsmøtet. Etter at oppløysing er vedteken kan årsmøtet med simpelt fleirtal avgjera korleis eventuelle aktiva i laget skal nyttast.

Alle endringar i vedtektene vedtekne med minimum 2/3-dels fleirtal. Paragrafane vert nummert fortløpande slik dei føreligg etter vedtaket på årsmøtet.

### **Sak 7 Rettleiande budsjett for 2023**

Dagleg leiar gjekk gjennom budsjett 2023.

Vedtak: godkjent

### **Sak 8 Handlingsplan 2023**

Dagleg leiar gjekk gjennom handlingsplan 2023.

Vedtak: godkjent

### **Sak 9 Val av styre, revisor og valnemnd**

Valnemnda si innstilling:

Styreleiar Tone Sjøgaard	(attval)	for 1 år
Nestleiar Lars Kristian Bu		for 2 år
Styremedlem Bjørn B. Pedersen		IKKJE PÅ VAL
Styremedlem Solveig Botnen		for 2 år
Styremedlem Ingunn Bjørke		for 2 år
1.vara Elisabet Janssen		for 1 år
2.vara Jahn Brattli Tolo		for 1 år

Revisor:


John Magnar Neteland (attval)

Vedtak: som valnemnda si innstilling ved akklamasjon.


Valnemnd:

Vedtak: ved akklamasjon vart Torleiv Ljones, Georg Aarhus og Even Øyri valde.

Etter at årsmøtet var heva, vart utmerkinga som Årets verksemd i Kvam 2022 tildelt Jarle Tveiten Transport AS. Dagleg leiar Jarle Tveiten tok i mot utmerkinga som var eit diplom og eit grafisk arbeid av Kristian Finborud. Ein takk til Sparebanken Vest som var sponsor for markeringa.



.....  
Torleiv Ljones



.....  
Lars Audun Torvik